



**VOLDA KOMMUNE**  
**Samordnings- og utviklingsstaben**  
**6100 VOLDA**

Straumshamn grendeutval, v/Even Lillenes, 6120 Folkestad  
Austefjord grendeutval, v/Iwar Kalvatn, 6110 Austefjord  
Hjartåbygda grendautval, v/ Egil Berg, Hjartåbygda, 6100 Volda  
Vikebygda grendautval, v/Olav Aasen, Vikebygda, 6100 Volda  
Bjørkedal grendeutval, v/Hans Peter Eidseflot, 6120 Folkestad  
Høydal Velferdslag, v/Ragnhild Høydal, Høydal, 6110 Austefjord

VOLDA, 18.04.2006

<i>Vår ref</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Dykkar ref.</i>
HI-06/00855	003072/06	S2	

**MELDING OM 420 K V KRAFTLEDNING ØRSKOG-INDRE SOGN FRÅ  
STATSNETT  
HØYRING AV MELDING OG INVITASJON TIL INFORMASJONSMØTE**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke melding frå Statnett som planlegg ein 420 kv kraftledning frå Ørskog på Sunnmøre til Fardal i Sogndal. Bakgrunn for meldinga er trong for meir overføringskapasitet til Midt-Norge, betre forsyningstryggleik for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal og opning for å transportere ny produksjon ut av området.

I meldinga frå Statnett er det lagt fram fleire alternative traséar, som også råkar område i Volda kommune. Målet med ei slik melding er å gi ei tidleg varsling av tiltaket. Gjennom høyring av meldinga ønskjer NVE å få innspel til utgreiingar som bør gjennomførast før utarbeiding av konsesjonssøknad om bygging og drift av anlegget. Volda kommune er høyringspart i saka og ønskjer innspel frå grendeutvala.

For seksjon 1 som omfatter strekninga Ørskog – Leivdal vert det meldt to hovudalternativ:

- Ytre traséforslag (traséalternativ 1.0)
- Indre traséforslag (trasealternativ 2.0)

Volda kommune vert råka av begge alternativa.

**Ytre traséforslag alternativ 1.0** vil råke Volda kommune frå Krøvelseidet der den vil ligge parallelt med eksisterande 132 kv ledning, forbi Vassteinsvatnet, vest for Koppefjellet og krysse Austefjorden parallelt med eksisterande ledning over mot Neshornet. Deretter vil trasé 1.0 avvike frå den eksisterande traséen og går mot sørvest og passerer nordenden av Nykkjedalsvatnet og Grøndalsvatnet, i retning Innstøylen i Brundalen. Frå Innstøylen vil alternativ 1.0 følgje Brundalen sørover, aust for Langevatnet, Brundalsvatnet og Litledalsvatnet. Traséen går vidare mellom Jolgrøsvatnet og Sulvatnet fram til Skardsvatna. Derifrå går traséen søraust i retning Tjormanakkane, mot Helset og kryssing av Tverrelva før Blåfjellet, deretter søraustover og følgjer Stigedalen på venstre side før E39 vert kryssa ved innføringa til Leivdalen transformatorstasjon.

Mellom Rebbestad i Ørsta kommune og Høydalsneset er det utforma eit alternativ 1.3. Dette traséalternativet følgjer austsida av Vatnedalen og aust for Ullalandsvatnet før den kryssar Austefjorden i eit 2500 m spenn frå Ullaland til Neshornet kor alternativet 1.3 møter 1.0.

Det er også meldt eit traséalternativ 1.4 frå Neshornet mot søraust parallelt med eksisterande 132 kv linje, inn Langedalen og Feirdalen i retning Nysetra og Movatnet. Der avviker alternativet eksisterande linje og vinklar mot sørvest mot Litleflåa. Alternativ 1.4 vil krysse E39 mellom Alflotvatnet og Storesætervatnet før alternativet møter traséalternativ 1.0 aust for Litledalshornet.

**Indre traséforslag alternativ 2.0** vil råke Volda kommune mellom Snøtuva og Raudgrøteggja, sør for Osdalssetra.

---

<i>Postadresse:</i>	<i>Telefon:</i>	<i>Telefaks:</i>	<i>Org. nr.</i>	939 760 946
Stormyra 2	70058864	70 05 87 01	<i>Postgiro skatt</i>	7855.05.15198
6100 VOLDA	(dir.innval til saksh.)	Volda kommune	<i>Bankgiro</i>	3991.07.81727
<i>Gateadresse:</i>		<i>E-post:</i>		
Stormyra 2		postmottak@volda.kommune.no		

Meldinga vert lagt ut på servicekontoret, og er også tilgjengeleg på [www.nve.no](http://www.nve.no) og på kommunen sine internettsider [www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

NVE arrangerer offentlig orienteringsmøte **torsdag 11. mai kl 19.00 i Legene klubbhus i Åmdal.**

Vi ber om at merknader til meldinga vert sendt til Volda kommune, Samordnings- og utviklingsstaben, Stormyra 2, 6100 Volda, eller ved e-post [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no) oss innan **22.mai 2006.**

Med helsing

Volda kommune, Samordnings- og utviklingsstaben

Planseksjonen

  
Heidi Istad

planleggar

Vedlegg:

1. Invitasjon til folkemøte
2. kartutsnitt

Kopi til:

Kommunestyret



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) arrangerar

# Folkemøte om 420 kV kraftleidning Ørskog-Indre Sogn

■ Legene Klubbhus i Åmdal  
Torsdag 11. mai kl 1900

Statnett planlegg ein 420 kV kraftleidning frå Ørskog på Sunnmøre til Fardal i Sogndal og har sendt ein melding om dette til NVE. Traséen er 250-300 km og det er lagt frem forslag til fleire alternative løysingar. Kraftleidningen kan få verknad for 20 kommunar.

Grunngjevinga for meldinga er trong for meir overføringskapasitet til Midt-Norge, betre forsyningstryggleik for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal og opning for å transportere ny produksjon ut av området. På møtet vil NVE orientere om den formelle behandlinga av meldinga, og Statnett vil orientere om prosjektet og forslag til utgreiingsprogram.

Meldinga er lagt ut til offentleg gjennomsyn i Ørsta og Volda kommunar. Meldinga er også lagt ut elektronisk på [www.nve.no](http://www.nve.no). Nærmare opplysningar kan ein få ved å kontakte NVE v/ Randi Margrethe Tornås på tlf 22 95 94 26.

Eventuelle merknader til meldinga må sendast til Norges vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo **innan 16. juni 2006**.

**Vel møtt!**

